



Youwin UB

OM OSS

- Informasjonsskriv om YouWin UB -

YouWin.no vart stifta 22.10.2007

[Youwin.no har allereie hatt god respons](#)

I dag (fredag) har seks ungdommar starta ei ny nettside (www.youwin.no) i samband med eit skulefag som heiter entreprenørskap og dagleg leiar, uskedelingen Jørgen Moberg, kan allereie melde om stor respons.

- Det har gått over alle forventningar. Fram til klokka 15 har 60 delteke i konkurransen vår og vi kan peike på eit besøksantal på heile 1.500. Dette er kjempebra, seier Jørgen til uskedalen.no

Moberg har desse seks med seg i bedrifta: Andreas Røssland, Truls Røysland, Morten Eidsvik, Bjørn Anders Sæberg, Karsten Skåla og Joakim Sandnes.

- Konseptet går ut på å dekkja behovet lokalbedriftene i Kvinnherad har for reklame på nettet. Dette er ein fin måte for bedriftene til å nå ungdommen på med tanke på at dette er ei fristande nettside for dei unge, held leiaren fram.

Det som gjer sida fristande for den yngre generasjonen er konkurransene. Her kan ein vinna forskjellige premiar frå månad til månad. I denne månaden er gevinsten ein ny iPod.

YouWin.no er medlem av Foreininga Ungdomsbedrifter og følgjer dei reglane som gjeld for denne.

Av Ola Matti Mathisen